



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 13.06.2019

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Kvam rådhus, Norheimsund

Til stades:

Eidfjord kommune: Varaordfører Aslak Læg Reid
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones - Rådsvaraordfører
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører
Hardangerrådet iks: Styreleiar Toralv Mikkelsen
Rådmannsforum: Rådmann Thore Hopperstad

Forfall:

Ordfører Anved Johan Tveit, Eidfjord kommune

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim

Agenda:

09.00 – 12.00 Sakshandsaming

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 15.00 Sakshandsaming

Orientering:

TV-aksjonen 2019 v/ Marte Elisabeth Eggum

Hardanger og Voss museum v/ Randi Bårtvedt

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Ingebjørg Winjum

Jostein Ljones

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 23/19 Saker innmeldte ved starten av møtet.

- Bu museum
- Indre Hordaland Revisjonsdistrikt
- Trafikkstasjonar - nedlegging

- Turistbåtruta på Hardangerfjorden
- Vert tatt opp under sak 30/19.**

HR-sak 24/19 Meldingar

Drøfting om vidare påverknadsarbeid mot NTP-handsaminga i Stortinget.
Roald Aga Haug orienterte om møte med justisministeren vedr. ny felles leing for Haugaland og Sunnhordland tingrett.

Vedtak: Meldingane vert tekne til vitande.

HR-sak 25/19 Fråsegn frå Hardangerrådet i samband med avvikling av "Stiftinga Messen kunst- og kulturhus".

Solfrid Borge er styremedlem i "Stiftinga Messen kunst- og kulturhus og vart erklært ugild i saka.

Vedtak:

Hardangerrådet godkjenner at disponering av gjenståande verdiar i Stiftinga Messen kunst- og kulturhus vert utdelt til Kunstnarhuset Messen, org.nr. 995 556 383. Dette med bakgrunn i at føremålet til Stiftinga Messen kunst- og kulturhus vert vidareført.

Samrøystes vedteke med 6 stemmer tilstades.

HR-sak 26/19 Søknad om tilskot til vidareutvikling av kunstnarhuset Messen

Vedtak:

Hardangerrådet løyver kr 50.000 som eit eingongstilskot til Kunstnarhuset Messen i samband med organisasjonen si overtaking av eigarskapet for det tidlegare administrasjonsbygget til Bjølvefossen i Ålvik. Løyvinga vert dekkja ved bruk av udisponerte restmidlar Regionalt Næringsfond.

HR-sak 27/19 Søknad om tilskot til relansering av Trainee Indre Hordaland.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar relansering av Trainee Indre Hordaland med kr 50.000. Beløpet vert dekkja gjennom udisponerte restmidlar Regionalt Næringsfond. Løyvinga føreset fullfinansiering av prosjektet.

HR-sak 28/19 Val av interimsstyre for vidare utgreiing av moglege modellar for regionalt samarbeid for Hardangerkommunane.

Rådsordførar orienterte om status ift. saka om Hardangerrådet f.o.m. 2020.

Kvam, Ulvik og Eidfjord treng ikkje gjera noko vedtak vedr. vidareføring av gjeldande selskapsavtale.

Granvin, Jondal, Odda og Ullensvang må gjennom fellesnemndene gjera vedtak om å vidareføra rettar og plikter for dei gamle kommunane.

Styreleiar orienterte rådet om styret sitt fokus og og ansvar som gjeld dei formelle tilhøve knytta til selskapsavtalen og det vidare arbeid med ny selskapsavtale.

Det er no naudsynt å restarta prosessen og bruka året 2020 til gjennomføring.

Fellesnemnda i Ullensvang kommune skal handsama saka om å overta dei gamle kommunane sine rettar og plikter i sitt møte 14.06.

Vedtak i dette møtet vil vera avgjerande for korleis den vidare prosess vil verta.

Val av interimstyre vert utsett til etter sommarferien. Eit interimstyre bør bestå av alle ordførarane i det nye rådet.

HR-sak 29/19 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

Ullensvang herad:

Rv13 Kinsarvik - Bjotveit Reguleringsplan Kinsarvik - Kyrkjeneset er ferdig. Manglar løyvingar. Ny reg.plan Kinsarvik - Berget. Trafikkkljos i nordenden av Berget. Mogeleg oppstart 2021.

Reg.plan vidare til Bjotveit.

Vatn og avlaupsanlegg på Lofthus.

Ferdigstilling av Lofthus sentrum.

Bustadfelt på Sekse, Markastå.

Auka etterspurnad etter næringstomter på Huse.

Skulesak Ullensvang vest - Hauso eller Aga.

Kvam herad:

Rassikring i Tokagjelet. Håpar å kunne gå rett på detaljreguleringsplan. Mogeleg oppstart 2022.

Utbygging Kvamskogen - rekkefølgekrav.

Hyttebygging Jonshøgdi.

Innsjutt i arbeid med Samfunnsplan - Arealdel.

Opning av Notaneset renseanlegg i Øystese.

Hardangerbadet - ferdig desember 2019.

Verneplanar - Nasjonalparkstatus.

Odda kommune:

Odda vegstasjon - endring til servicepunkt.

Jondal kommune:

Fv107 Ny tunnel Nordrepollen - Austrepollen

Nytt hotell i Jondal sentrum - Acos.

Biogassprosjekt - Søknad om vidareføring. Fyldig presentasjon i HR etter sommarferien.

Granvin herad:

Ny barnehage

Ny tømmerkai i Granvin. Primært for skogbruksnæringa.

Stor etterspurnad etter bustadtomter i Granvin.

Eidfjord kommune:

Eidfjord Resort.

2 turistbåtar som fraktar kinesiske turistar på Hardangerfjorden.

Ulvik herad:

Utvikling av Holmen-området

Sal av den gamle sjukeheimen - mogeleg sommarhotell ??

Gode søkjartal til utdanningstilboda på Hjeltnes

HR-sak 30/19 Orientering- og drøftingssaker.

- Bu museum
 - Randi Bårtvedt, HVM orienterte om museet sitt arbeid og planar for Bu museum. Det er naudsynt at eigarane (kommunane), HVM og Astrid Røte møtast for å avklara situasjonen og mogelege vegar vidare. Møtet bør om mogeleg haldast før sommarferien. Eigarkommunane, v/Anved Johan Tveit kallar inn til møte mellom partane.
- Trafikkstasjonar - nedlegging
 - Hardangerrådet lagar støtteuttale til uttalar sendt frå Kvam herad og Odda kommune
- Turistbåtruta på Hardangerfjorden
 - Dagleg leiar førebur sak om oppfølging av spleiselag. Denne vert handsama i første møte etter sommarferien. Dagleg leiar utarbeider oversikt over reelle havneavgifter for denne ruta.
- Skifte av rådsordførar frå 2020
 - Regionrådet er samde om at det er Kvam herad sin ordførar 2019 - 2024 som overtek som rådsordførar når nytt regionråd skal konstituerast.

Møteboka godkjent 13.06.2019.

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsordførar

Rådsmedlem
Ingebjørg Winjum

Rådsvaraordførar
Jostein Ljones